

Søknad om innløsning av gamle partbrev i Fjelberg Kraftlag PL

(sjå kunngjeringa på baksida)

Opplysningar om søkjar:

Namn eller firma:			
Fødselsnummer eller føretaksnummer:			
Adresse:			
Postnr:		Poststad:	
Telefon:		E-post:	
Bankkonto for utbetaling:			

Parteigar: (dersom dette ikkje er den same som søkjar)

Namn eller firma:	
-------------------	--

Partbrev:

Nummer på partane som ein søker innløyst:		Samla tal på partar ein søker innløyst:	
---	--	---	--

Vedlegg til søknaden: (kryss av for dei vedlegg som ligg ved søknaden)

<input type="checkbox"/>	Partbrev:	Gjev opp talet på vedlagde partbrev her:	
<input type="checkbox"/>	Uskifteattest:		
<input type="checkbox"/>	Skifteattest:		
<input type="checkbox"/>	Kjøpekontrakt /Skøyte:		
<input type="checkbox"/>	Annan dokumentasjon (skriv her):		

Underskrift:

Stad: Dato: Signatur:

Melding til eigarar av partbrev i Fjelberg Kraftlag PL, org nr. 911 665 670.

Årsmøtet i Fjelberg Kraftlag PL har, 30.4.2009, vedteke at føretaket skal vera eit samvirkeleg etter reglane i den nye samvirkeleva og med føretaksnamnet Fjelberg Kraftlag SA. Samstundes vedtok årsmøtet å endre vedtektene til føretaket slik at vedtektene no stettar krava i samvirkeleva.

I samband med dette vart årsmøtet tilrådd av styret å løysa inn alle partbrev i Fjelberg Kraftlag PL slik:

- 1 betala attende partinnskott med renter til alle gamle parteigarar som kan dokumentera eigarskap til partbrev i kraftlaget. Partinnskott på kr 100 vert forrenta med 4 % rente pr heile år rekna frå teikningsåret og utbetalt. (Eit partbrev lydande på kr 100, teikna i 1948, gjev ei utbetaling på kr. 1.094 medan eit partbrev teikna i 1963 gjev kr. 607.)
- 2 godskrive medlemsinnskot på kr 500 på medlemskapitalkonto til:
 - a) alle gamle parteigarar som framleis stettar krava til medlemskap i Kraftlaget, og til:
 - b) alle dei som er blitt medlemmer etter 1965, og difor ikkje har betalt medlemsinnskot, og som framleis stettar krava til medlemskap i kraftlaget.

Årsmøtet gjorde følgjande vedtak:

- a) Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg om å løysa inn alle gamle partbrev etter dei retningslinjene som går fram av tilrådinga frå styret.
- b) Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg om at gamle parteigarar med partbrev utskrive i perioden 1947-1965, som framleis stettar vilkåra for medlemskap, vert medlemmer i Kraftlaget. Samstundes vert dei godskrive kr 500,- på sin medlemskapitalkonto utan innbetaling.
- c) Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg om at personar som har blitt parteigarar etter 1964, og som framleis stettar vilkåra for medlemskap, vert medlemmer i kraftlaget. Samstundes vert dei godskrive kr 500,- på sin medlemskapitalkonto utan innbetaling.
- d) Endringane i pkt. a, b og c vert finansiert over selskapet sin eigenkapital.
- e) Ved overgang frå PL Fjelberg Kraftlag til Fjelberg Kraftlag SA held dei valde styremedlemer m/ vararepresentantar og representantar i valnemnda fram i sine tillitsverv med sine respektive funksjonstider.

Fjelberg Kraftlag SA vil no gjennomføra årsmøtet sitt vedtak, og oppmodar alle som eig gamle partbrev om snarast å senda søknad om innløyning av desse. Søknadsskjema ligg på kraftlaget sine nettsider: www.fjelberg-kraftlag.no og på kraftlaget sitt kontor.

(Dei som måtte ynskje å behalde sjølve partbrevet får høve til dette, men det vert då stempla på partbrevet at det er innløyst.)

Person som har partbrev som ikkje lyder på eige namn må dokumentera at han/ho no er rette eigar av partbrevet for å få utbetalt løysesummen. Dersom partbrevet er kjøpt vil dokumentasjon på kjøpet, t.d. kjøpekontrakt, vere dokumentasjon. Dersom pantebrevet er arva vert det kravd skifteattest som viser at den som har partbrevet er den som står for skiftet etter parteigaren, eller har arva partbrevet. Den som har overtatt buet uskifta etter den parteigaren som partbrevet er utskrive til, må dokumentere dette med uskifteattest.

Fjelberg Kraftlag SA oppmodar alle som vil løyse inn partbrev som ikkje lyder på eige namn om å skaffe godkjent dokumentasjon og leggja dette ved søknaden. Søknader utan tilfredsstillande opplysningar eller vedlegg vert returnert.

Der det ikkje kan leggst fram annan fullgod dokumentasjon som er rettsleg haldbar for eigarskapet til partbrevet, vert ikkje partbrevet innløyst.

Partbrev som no ikkje vert løyste inn på grunn av uklåre eigartilhøve eller manglande eigardokumentasjon, vil kunne løysast inn seinare med dei beløpa som er vedteke (dvs. utan ytterlegare renter) dersom turvande dokumentasjon vert skaffa fram. Fjelberg Kraftlag SA vil løyse inn gamle partbrev heilt fram til utgangen av 2012. Personar som har problem med å kunne dokumentere eigarskapet til eit partbrev vert også oppmoda til å ta kontakt med Fjelberg Kraftlag SA.

Sæbøvik 21.oktober 2009

FJELBERG KRAFTLAG SA

Per Ove Kviteberg
styreleiar